



**Brydalselva kraftverk i Masfjorden kommune i  
Hordaland fylke  
Verknader på biologisk mangfold. Oppdatert versjon.  
Bioreg AS Rapport 2008 : 32**

# BIOREG AS

## Rapport 2008:32

<b>Utførande institusjon:</b> Bioreg AS	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik	<b>ISBN-nr.</b> 978-82-8215-051-4
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik	<b>Finansinert av:</b> Norges Småkraftverk AS	<b>Dato:</b> 18.09.2008
<b>Referanse:</b> Oldervik, F. 2008. Brydalselva kraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland fylke. Verknader på biologisk mangfold. Oppdatert versjon. Bioreg AS rapport 2008: 32.		
<b>Referat:</b> På bakgrunn av krav frå statlege styresmakter er verknadene på det biologiske mangfaldet av ei vasskraftutbygging av Brydalselva i Masfjorden kommune, Hordaland fylke vurdert. Arbeidet er koncentrert omkring førekomst av raudlisteartar og sjeldne og/eller verdfulle naturtypar. Trong for minstevassføring er vurdert og det er kome med framlegg til eventuelle avbøtande og kompenserande tiltak.		
<b>4 emneord:</b> Biologisk mangfold Raudlisteartar Vasskraftutbygging Registrering		

**Figur 1.** Fossen i Brydalselva har vore atskilleg mektigare ein gong enn den er no, men som kjend er mykje av den vassføringa som ein gong var i denne fossen, alt nytta til kraftproduksjon. Oppe på kanten, mest mot himmelsjå, kan ein så vidt skimta eit lite kraftverk som var i drift på 1950-talet. (Foto; Finn Gunnar Oldervik ©)

## FØREORD

På oppdrag frå Norges Småkraftverk AS har Bioreg AS gjort registreringar av naturtypar og raudlista artar i samband med ei planlagd kraftutbygging av Brydalselva i Masfjorden kommune, Hordaland fylke. Ei viktig problemstilling har vore vurdering av trøng for minstevassføring.

For grunneigarane ved elva har Jan Olav Fosse vore kontaktperson, medan Olav Helvig har vore kontaktperson for oppdragsgjevarane. For Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson samt forfattar av rapporten. Saman med Karl Johan Grimstad, har sistnemnde også utført feltarbeidet.

Vi takkar oppdragsgjevarane for tilsend bakgrunnsinformasjon og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling ved Olav Overvoll for opplysningar om vilt og anna informasjon. Vidare vert jord/skogbruksjef i Masfjorden kommune, Bjarne Håheim takka for å ha kome med opplysningar om ymse vedrørande faunaen i området.

Aure 18.09.2008

**FINN OLDERVIK**

## SAMANDRAG

### Bakgrunn

Grunneigarane ved Brydalselva i Masfjorden kommune i Hordaland fylke har i samarbeid med Noregs Småkraftverk AS planar om å byggja eit kraftverk ved elva.


I samband med dette stiller statlege styresmakter (Direktoratet for naturforvaltning, Olje- og energidepartementet) krav om at eventuelle førekomstar av raudlisteartar og artsmangfald elles i utbyggingsområdet skal undersøkjast. På oppdrag frå tiltakshavar, har Bioreg AS gjennomført ei slik kartlegging i og inntil utbyggingsområdet, samt vurdert verknadane av ei eventuell utbygging på dei registrerte naturkvalitetane.

### Utbyggingsplanar

Nedbørssområdet for det planlagde tiltaket er rekna til 7.9 km<sup>2</sup> og årleg middelavrenning til 833 l/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 79 l/s. 5 persentilen ved inntaket er i sommarsesongen rekna til 149 l/s og i vintersesongen 55 l/s. Tiltakshavarane har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam i Brydalselva om lag ved kote 345 moh. Frå inntaket skal vatnet leiast via tunnel heile vegen ned til eit kraftverk planlagd bygd ved kote 180 moh.. Vassvegen vil få ei lengd på omlag 500 meter og diameteren vil verta om lag 1000 mm. Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva. Det er planlagd jordkabel til nærmeste høgspentmast og lengda på kabelen vil verta om lag 122 m. Det har og vore vurdert eit meir omfattande alternativ med inntak på same staden, men med kraftstasjonen plassert lenger nede ved elva. Som det vil gå fram i sjølve rapporten, så er dette alternativet no skrinlagd.



**Figur 2.** Som ein ser av kartet, så ligg utbyggingsområdet noko sør for Sognefjorden, og like sør for fylkesgrensa i Masfjorden kommune i Hordaland. Det går ein smal veg frå Matre, forbi utbyggingsstaden og over til Bjordal ved Sognefjorden.



**Figur 3.** Kartet viser ei omtrentleg skisse av planane for utbygging av Brydalselva. Som ein skjønar av dette kartutsnittet, så er det svært bratt her, noko til dømes vegen til venstre på kartet viser.



**Figur 4.** Dette biletet er teke nær det planlagde inntaket, og som ein ser er vegetasjonen ganske triviell i området. Førekomst av nokre typiske beiteartar viste likevel at områder var noko kulturmåverka. (Foto; Finn Gunnar Oldervik ©).

## Metode

NVE har utarbeidd ein vegleiar (Veileder nr. 3/2007), "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW)." Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Informasjon om området er samla inn gjennom litteratur- og databasegjennomgang, kontakt m.a. med oppdragsgjevar og lokalkjende. Elles er datagrunnlaget stort sett basert på eige feltarbeid 26.10.2007 og 02.07.2008.

## Vurdering av verknader på naturmiljøet

Konsekvensvurderingane nedanfor bør sjåast i samanheng med tabellen fra oppsummeringa (Kap. 7).

Berggrunnskartet viser at det i heile dette området berre er harde gneisar. Slik berggrunn gjev ikkje grunnlag for anna enn ein fattig og nøyssam flora, noko som stemmer godt med det ein observerte ved den naturfaglege inventeringa. Samstundes er heller ikkje dei topografiske tilhøva i og nær elva slik at det oppstår typiske fosserøyksoner i nærområda, sjølv om mykje av utbyggingsområdet og fallmetrane består av ein stor foss, Brydalsfossen. Tilhøva var nok likevel noko ulikt det dei er no før vassdraget vart utbygd i 1960-70-åra. Både karplanteflora, moseflora og lavflora er artsfattig, medan det fattige skogsmiljøet generelt gjer at det heller ikkje er potensiale for interessante arter frå fungaen. Den naturfaglege undersøkinga som vart gjort i 2008 viste likevel at det var rikare miljø lenger nede langs elva, både i sjølve Helvetesjuvet og i lia mellom vegen og elva der det var til dels rike hasselkratt med noko lågorter og småbregner. I høve til dei utbyggingsplanane som ligg føre no, vil desse verdiane verta liggjande utanføre influensområdet.

Oppstraums utbyggingsområdet har det vore både sagbruk og kverner tidlegare, men innan sjølve utbyggingsområdet kjenner ein ikkje til andre industrielle installasjonar enn eit lite kraftverk heilt øvst i fossen. I følgje Jan Fosse, så var dette i drift ca 10-15 år etter siste verdskrig. Utbyggingsområdet er likevel noko prega av ymse menneskelege inngrep som til dømes ein veg som slyngar seg opp den bratte lia på vestsida av elva, ein gammal vårstøl i det same området, samt to kraftlinjer som er bygd om lag parallelt med elva oppover dalen. I tillegg er utbyggingsområdet prega av tidlegare husdyrbeiting, og særleg har nok geitene sett sine spor, då lauvskogen verkar å vera svært ung i området. Generelt kan ein vel seia at noverande grad av kulturpåverknad er middels i utbyggingsområdet.

Naturverdiar. Innafor undersøkingsområdet til det alternativet som ein har vald å gå vidare med, er det ikkje avgrensa nokon verdfull naturtype, men eit område med gamal fattig edellauvskog er avgrensa sørvest for utbyggingsområdet, dette verdisett som viktig. Dessutan er det avgrensa ei bekkekloft av stor verdi rett nedstraums influensområdet (Sjå i hovuddelen). Det er ikkje påvist raudlisteartar frå nokon gruppe direkte innan influensområdet, men i den avgrensa bekkeklofta rett nedstraums det planlagde tiltaket er det registrert kystfloke, ein moseart som er raudlista som sterkt truga (**EN**). Naturverdiane innan sjølve utbyggingsområdet inkludert influensområdet kan ikkje verdisetjast som høgare enn lite/middels for dette prosjektet, og det er i første rekke den verdien som elva har for produksjon av botnfauna som tel i dette biletet.

Omfang og verknad. Det er ikkje venta at ei utbygging av prosjektet slik det er skildra på s. 4, vil ha negative verknadar på naturverdiar lenger nedstraums vassdraget, slik som til dømes den raudlista mosen i Helvetesjuvet. Samla vil tiltaket gje lite/middels negativt omfang for

påviste naturverdiar. Omfanget for andre artar enn fossekall vil neppe vera særleg stort og særleg av andre verdiar er som sagt ikkje registrert her. Samla vert verknadene av det planlagde tiltaket vurdert å verta lite negative for dei kartlagde naturverdiane i området.

### Avbøtande tiltak

Vi tilrår minstevassføring m.a. p.g.a. at mange insektlarvar har leveområdet sitt blant stein og grus i slike elver. Sjølv om insektlarvane i seg sjølv ikkje er særleg sjeldne, så skal dei tena som mat m.a. for vasstilknytt fugl og eventuelt fisk. For denne elva vil vi koma med framlegg om at alminneleg lågvassføring vert lagt til grunn for vassregimet og kjøremønsteret. Med tanke på botnfaunaen er det også viktig at elva ikkje går tørr om vinteren. Eit slik tiltak vil i nokon grad redusera dei negative verknadane av ei utbygging, men vil sjølv sagt ikkje eliminera dei heilt.

For å betra hekkevilkåra for fossekall etter ei eventuell utbygging bør ein vurdera å montera predatorsikre hekkekassar for fuglen til dømes ved utløpet frå kraftstasjonen. Ein bør montera to kassar på staden.

Forstyrra miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framandt plantemateriale.



Figur 5. Her ser ein Brydalsfossen frå søraustsida, og øvst mot himmelen kan sjå den gamle kraftverksbygningen frå 1950-talet. Som ein ser er det mykje nake berg nær elva no, noko som nok kjem av at ho var mykje større før. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).

## INNHALDSLISTE

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
<b>2</b>	<b>UTBYGGINGSPLANANE .....</b>	<b>8</b>
<b>3</b>	<b>METODE .....</b>	<b>9</b>
3.1	Datagrunnlag .....	9
3.2	Vurdering av verdiar og konsekvensar.....	10
<b>4</b>	<b>AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET .....</b>	<b>13</b>
<b>5</b>	<b>STATUS - VERDI .....</b>	<b>14</b>
5.1	Kunnskapsstatus .....	14
5.2	Naturgrunnlaget.....	14
5.3	Artsmangfald .....	17
5.4	Naturtypar .....	21
5.5	Verdfulle naturområde .....	22
<b>6</b>	<b>OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET .....</b>	<b>25</b>
6.1	Omfang og verknad.....	25
6.2	Samanlikning med andre nedbørsfelt/vassdrag.....	27
<b>7</b>	<b>SAMANSTILLING .....</b>	<b>27</b>
<b>8</b>	<b>MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT .....</b>	<b>28</b>
<b>9</b>	<b>PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING .....</b>	<b>28</b>
<b>10</b>	<b>REFERANSAR .....</b>	<b>28</b>
	Litteratur.....	28
	Munnlege kjelder .....	29

**1****INNLEIING**

St.meld. nr. 42 (2000-2001) om Biologisk mangfald formulerer nasjonale resultatmål for å taka vare på biologisk mangfald. To av resultatmåla er:

- I truga naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast.
- Truga artar skal oppretthaldast på eller byggjast opp igjen til livskraftige nivå.

Ut frå dette har Olje- og energidepartementet i brev av 20.02.2003 stilt krav til utbyggjarar av småkraftverk om gjennomføring av ei enkel, fagleg undersøking av biologisk mangfald. I brevet heiter det mellom anna:

*"Undersøkelsen forutsettes å omfatte en utsjekking av eventuelle forekomster av arter på den norske rødlista og en vurdering av artssammensetningen i utbyggingsområdet i forhold til uregulerte deler av vassdraget og/eller tilsvarende nærliggende vassdrag. Det kan fastsettes en minstevannføring i hele eller deler av året dersom den faglige undersøkelsen viser at dette kan gi en vesentlig miljøgevinst."*

Som ein konsekvens av dette vart det av NVE utarbeidd ein vegleiari til bruk i slike saker: Vegleiari nr. 3/2007, "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW). Revidert utgåve" Denne vegleiaren er brukt som rettesnor for denne rapporten.

Hovudføremålet ved rapporten vil være å;

- skildre naturtilhøve og verdiar i området.
- vurdere konsekvensar av tiltaket for biologisk mangfald.
- vurdere trong for og verknad av avbøtande tiltak.

Ei viktig problemstilling er å vurdera behovet for minstevassføring. I samband med dette har vassressurslova i paragraf 10 følgjande hovudregel; *"Ved uttak og bortleidning av vatn som endrar vassføringa i elver og bekkar med årsikker vassføring, skal minst den alminnelege lågvassføringa være tilbake, om ikkje anna følgjer av denne paragrafen."*<sup>1</sup>

**2****UTBYGGINGSPLANANE**

Utbyggingsplanane, inkl. kartskisser, er motteke frå tiltakshavarane ved Olav Helvig. Uklåre punkt har vore drøfta over telefonen mellom underskrivne og Olav Helvig samt med Vigdis Fossheim.

Tiltakshavarane har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam i Brydalselva om lag ved kote 345. Den er tenkt bygd som eit vanleg elveinntak.

Frå inntaket er det planlagd langholsboring heilt ned til kraftstasjonen. Dimensjonen vil verta om lag 1000 mm og lengda ca 500 m. Samla restnedbørsområde for vassdraget oppstraums inntaket er rekna til 7,9 km<sup>2</sup>. Kraftstasjonsbygget vil verta tilpassa lokal byggeskikk. Frå kraftverket og til ei 22 kV-line er det omlag 30 meter, og det er planen å føra ein jordkabel til nærmeste høgspentmast. Det er også vurdert eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen plassert lenger nede ved elva.

<sup>1</sup> Lovteksta er omsett til nynorsk av FGO.

Alternativet vart skrinlagd grunna påvising av store naturverdiar som ville ha vorte negativt påverka av ei eventuell utbygging etter dette alternativet. Det er ikkje venta at ei utbygging etter dei planane som er skildra lenger framme i kapitlet vil påverka desse naturverdiane på ein negativ måte.



**Figur 6.** Biletet viser Brydalselva i den nedste delen av utbyggingsområdet. Det breie vegetasjonslause elvefaret viser godt kor redusert vassføringa er no samanlikna med tidlegare. Som ei ser så er lauvskogen ved sida av elva ung og utan kontinuitetselement. (Foto; Finn Gunnar Oldervik ©).

### 3

## METODE

NVE har utarbeidd ein vegleiar (Vegleiar nr. 3/2007), "Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW) Rev. utgåve." Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Mal for konsekvensutgreiingar er følgd, og sentrale delar av metodekapitlet er henta frå Handbok 140 (Statens vegvesen 2006).

### 3.1

#### Datagrunnlag

Datagrunnlag er eit uttrykk for kor grundig utgreiinga er, men også for kor lett tilgjengeleg opplysningane som er naudsynte for å trekka konklusjonar på status/verdi og konsekvensgradar.

*Generelt.* Vurdering av noverande status for det biologiske mangfaldet i denne typen mindre vassdrag er gjort m.a. med støtte i eiga erfaring, ymse litteratur som; Raddum et al (2006) (botnfauna m.m.), kurs ved Hans Blom sommaren 2006 (fuktkrevjande mosar, særskild Vestlandet) samtalar med Oddvar Hanssen, NINA (biller og andre insektgrupper),

den nye raudlista (Kålås et al (red) (2006)) og elles relevant namnsetjingslitteratur som Lid & Lid (2005) (karplanter), Krog et al (1994) (Norske busk og bladlav), Holien & Tønsberg (2006) (Norsk lavflora), Smith (2004) (bladmosar), Damsholt (2002) (levermosar) med mykje meir.

Konkret. Utbyggingsplanane og dokument i samband med desse er motteke frå oppdragsgjevar v/ Olav Helvig. Opplysningar om vilt har ein fått m.a. frå administrasjonen i Masfjorden kommune, og lokalkjende elles i området, samt frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling ved Olav Overvoll. I Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase er det eit stykke sørvest for influensområdet til dette planlagde tiltaket, registrert ein gamal fattig edellauvskog. Andre tidlegare registrerte naturverdiar innan influensområdet til dette tiltaket viser ikkje denne kjelda. Vidare har ein nytta bygdebøker for Masfjorden (Nordland 1973 og Bergsvik 1950) som støttekjelde. Ein har også gjennomgått anna relevant litteratur. Også tilgjengelege databasar som lavdatabasen, soppdatabasen og mosedatabasen;

<http://www.toyen.uio.no/botanisk/lavherb.htm>,  
[http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd\\_b.htm](http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm),  
[http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd\\_b.htm](http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm), er gjennomgått, samt at det er gjort ei naturfagleg undersøking av Finn Oldervik, saman med Karl Johan Grimstad den 26. oktober 2007 og ei anna undersøking den 2. juli 2009 utført av Finn Oldervik, Karl Johan Grimstad og Geir Frode Langelo.

Dei naturfaglege undersøkingane vart gjort under gode vær- og arbeidstilhøve med opphalde ver begge gongane. Sidan det går veg tett forbi inntaksstaden vart det starta øvst med den naturfaglege undersøkinga. Dei øvre delane av utbyggingsområdet, inkludert området for det planlagde inntaket vart undersøkt først. Etterpå vart røytrasé og elvestreng, inkludert nærområda rundt undersøkt med tanke på verdfull natur for alle artsgrupper. Heile influensområdet vart undersøkt både med tanke på karplantar, mose og lav. Også andre organismegrupper vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av interessante funn. Den siste undersøkinga vart konsentrert omkring Helvetesjuvet og tilhøva i og omkring juvet.

## 3.2

### Vurdering av verdiar og konsekvensar

Desse vurderingane er grunna på ein "standardisert" og systematisk tre-trinns prosedyre for å gjera analysar, konklusjonar og tilrådingar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva.

<b>Steg 1</b>	Verdsetting for tema biologisk mangfald er gjort ut frå ulike kjelder og basert på metode utarbeidd av Statens vegvesen.
	Verdien vert fastsett langs ein skala som spenner frå <i>liten verdi</i> til <i>stor verdi</i> (sjå døme).

**Tabell 1. Kriterium for verdisetting av naturområde**

Kjelde	Stor verdi	Middels verdi	Liten verdi
<b>Naturtypar</b> <a href="http://www.naturbasen.no">www.naturbasen.no</a>  DN-handbok 13; Kartlegging av naturtypar DN-handbok 11; Viltkartlegging DN-handbok 15; Kartlegging av ferskvasslokalitetar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturtypar som er vurdert som svært viktige (verdi A)</li> <li>• Svært viktige viltområde (vekttal 4-5)</li> <li>• Ferskvasslokalitetar som er vurdert som viktige (verdi A).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturtypar som er vurdert som viktige (verdi B og C)</li> <li>• Viktige viltområde (vekttal 2-3)</li> <li>• Ferskvasslokalitetar som er vurdert som viktige (verdi B og C)- Inngrepstiere over 1 km frå nærmeste tyngre inngrep.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Andre område</li> </ul>
<b>Raudlisteartar</b>  Norsk raudliste 2006 ( <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> ) <a href="http://www.naturbasen.no">www.naturbasen.no</a>	Viktige område for : <ul style="list-style-type: none"> <li>• Artar i kategoriane ”kritisk truga”, ”sterkt truga” og ”sårbar”.</li> <li>• Artar på Bernliste II</li> <li>• Artar på Bonnliste I</li> </ul>	Viktige område for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Artar i kategoriane ”nær truga” eller ”datamangel”.</li> <li>• Artar som står på den regionale raudlista.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Andre område.</li> </ul>
<b>Truga vegetasjonstypar</b>  Fremstad og Moen 2001	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Område med vegetasjonstypar i kategoriane ”akutt truga” og ”sterkt truga”.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Område med vegetasjonstypar i kategoriane ”noko truga” og ”omsynskrevjande”</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Andre område.</li> </ul>
<b>Inngrepstiere og samanhengande naturområde.</b>  Direktoratet for naturforvaltning <a href="http://dnweb5.dirnat.no/inon/">http://dnweb5.dirnat.no/inon/</a>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Villmarksprega område.</li> <li>• Samanhengande inngrepstiere område frå fjord til fjell, uavhengig av sone.</li> <li>• Inngrepstiere område (uavhengig av sone) i kommunar og regionar med lite rest-INON.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngrepstiere område elles.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikke inngrepstiere område .</li> </ul>
	<b>Verdivurdering</b>		
	<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
	-----	-----	-----
<b>Steg 2</b> <b>Omfang</b>	<p>I steg 2 skal ein skildra og vurdera type og omfang av moglege verknader om tiltaket vert gjennomført. Verknadane vert m.a. vurdert ut frå omfang i tid og rom, og kor truleg det er at dei skal oppstå. Omfanget vert vurdert langs ein skala frå <i>stort negativt omfang</i> til <i>stort positivt omfang</i> (sjå døme).</p>		

Omfang
<i>Stort neg. Middels neg. Lite / ikkje noko Middels pos. Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----

<b>Steg 3</b> <b>Verknad</b>	<p>I det tredje og siste steget i vurderingane skal ein kombinera verdien (temaet) og omfanget av tiltaket for å få den samla vurderinga.</p> <p>Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå <b>svært stor positiv verknad</b> til <b>svært stor negativ verknad</b> (sjå under). Dei ulike kategoriane er illustrert ved å nytta symbola “-” og “+”.</p>
---------------------------------	--

Symbol	Skildring
++++	Svært stor positiv verknad
+++	Stor positiv verknad
++	Middels positiv verknad
+	Liten positiv verknad
0	liten/ingen verknad
-	Liten negativ verknad
--	Middels negativ verknad
---	Stor negativ verknad
----	Svært stor negativ verknad

<b>Oppsummering</b>	<p>Vurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for temaet (Kap. 7). Dette skjemaet oppsummerar verdivurderingane, vurderingane av omfang og verknadar og ein kort vurdering av kor gode grunnlagsdata ein har (kvalitet og kvantitet), som ein indikasjon på kor sikre vurderingane er.</p> <p>Datagrunnlaget blir klassifisert i fire grupper som følgjer:</p>
---------------------	--

Klasse	Skildring
1	Svært godt datagrunnlag
2	Godt datagrunnlag
3	Middels godt datagrunnlag
4	Mindre godt datagrunnlag

**4****AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET**

- Strekningar som vert fråført vatn.
  - Brydalselva frå kote 345 moh til kote 180 moh.
- Inntaksområde.
  - Inntaksdam i Brydalselva ved kote 345 moh.
- Andre område med terrenginngrep.
  - Tunnelpåhogg ved det planlagde kraftverket, samt depotområde for tunnelmassar.
  - Kraftstasjon, utsleppskanal.
  - Tilkomstveg til kraftstasjon.
  - Jordkabel frå kraftverk til nærmeste høgspentmast.

Som Influensområde er rekna ei om lag 50 -- 80 m brei sone rundt inngrepa som er nemnd ovafor. Dette er ei relativt grov og skjønnsmessig vurdering grunna ut frå kva for naturmiljø og artar i området som direkte eller indirekte kan verta påverka av tiltaket. Influensområdet saman med dei planlagde tiltaka (utbyggingsområdet) utgjer undersøkingsområdet.



**Figur 7.** Dette biletet er teke oppstraums rett ved det planlagde inntaket. Som ein ser er vegetasjonen lite frodig på sørssida av elva i dette området, og det sparsame innslaget av bjørk tyder ikkje på gode veksttilhøve. (Foto; Finn Gunnar Oldervik ©).

## 5

# STATUS - VERDI

### 5.1

#### Kunnskapsstatus

På førehand hadde ein relativt liten kunnskap omkring det biologiske mangfaldet i undersøkingsområdet, og eit søk på DN's Naturbase viser ikkje noko av interesse direkte i nærområdet. Både frå lokale informantar og frå administrasjonen i Masfjorden kommune har vi fått ymse opplysningar om vilt o.l. Fylkesmannen si miljøvernnavdeling ved Olav Overvoll har gått gjennom sine databasar utan å finna noko særskild nær utbyggingsområdet. Det er likevel grunn til å nemna at spreidd omkring utbyggingsområdet, men likevel i god avstand ligg det to-tre hekkelokalitetar for raudlista rovfugl.

Ved eigne undersøkingar 26. oktober 2007 vart karplanteflora, vegetasjonstypar, fugleliv, lav- og moseflora og naturtypar undersøkt i influensområdet. Ved ei naturfagleg undersøking den 2. juli 2008 vart juvet nedstraums det aktuelle utbyggingsområdet og dei nærmaste områda undersøkt. Dette med tanke på ei eventuell utviding av prosjektet.


Ikkje alle artar hadde optimale tilhøve om ein tenkjer på naturtilhøva og årstida. For registrering av fugl ville våren vore den beste tida og det vart da også berre påvist heilt vanlege og vidt utbreidde artar som nokre meiser, kråke skjor o.l. vanlege artar. Trekkfuglane hadde nok for ein stor del reist sørover då inventeringa i 2007 vart gjort. Fossekallen viste seg likevel, så han var nok på matsøk. Vegetasjonen og naturtypane i utbyggings-området er lite høveleg for til dømes raudlista og krevjande artar av markboande sopp, og vedboande artar som kjuker og barksopp er det lite av grunna lite/manglande tilgang på høveleg substrat (daud ved). Områda ved elva nedstraums inntaket vart undersøkt, og da først og fremst med tanke på krevjande artar av mose og lav, men ingen raudlisteartar eller andre svært krevjande artar vart påvist. Lavfloraen var artsattig i heile området og heller ikkje mosefloraen var særlig rik. For det meste var det nokre få fuktkrevjande og vanlege artar som dominerte denne. Heller ikkje verka potensialet for funn av særskild krevjande artar, verken av lav eller mose å vera særlig stort. Elles vart heile influensområdet undersøkt med omsyn til vegetasjon generelt og kravfulle artar spesielt. Også karplantefloraen var triviell i heile influensområdet, inkludert floraen på ein nedlagd vårstøl nede i lia. Området nedstraums dette planlagde prosjektet, som vart undersøkt sommaren 2008, viste seg likevel å vera interessant med tanke på fuktkrevjande mosar.

### 5.2


#### Naturgrunnlaget

##### Geologi og landskap

I følgje berggrunnskartet skal det i utbyggingsområdet vera bergartar frå proterozoisk tid, deformert og omdanna under danningsa av den kaledonske fjellkjeda. Brydalselva renn gjennom eit område med ymse gneisartar, bl.a. migmatittisk og kvartsrik gneis, samt migmatitt og stadvis eklogitt. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Desse bergartane gjev berre grunnlag for ein artsattig og nøyssam flora, noko som i hovudsak viste seg å stemma med det som vart observert ved den naturfaglege undersøkinga.



**Figur 8.**Kartet viser at elva renn gjennom eit område med gneisar. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Desse gjev berre grunnlag for ein artsfattig og nøysam flora.



**Figur 9.** I det meste av utbyggingsområdet er det stort sett bart fjell, stadvis med eit tynt lausmassedekke, samt tynn morene i den øvste delen. (Kjelde NGU)

Lausmassar er det lite av i heile utbyggingsområdet. NGU sitt lausmassekart syner at det for det meste er bart fjell med tynt lausmassedekke, unntekse noko tjukkare lausmassar akkurat ved inntaket.

Landformer. Utbyggingsområdet består stort sett av ei djup elvedal med bratte lauvskogslier på begge sider av elva. Rett nedstrams den planlagde kraftstasjonen ligg det namngjetne Helvetesjuvet, eit næraast uframkommeleg og svært tronat og bratt giel.

## Topografi

Vassdraget er frå tidlegare regulert av BKK, og dei har eit inntaksmagasin (Stordalsvatnet) ca 6 km ovafor den planlagde inntaksdammen til dette prosjektet. Nedbørsfeltet for denne utbygginga er difor avgrensa til områda nedanfor det omtalte magasinet til BKK.

Frå det regulerte Stordalsvatnet (476-444 moh.) renn Brydalselva i ein u-dal ca 6 km i sørvestleg retning ned til det planlagde inntaket. Undervegs renn ho gjennom Lonevatnet (380 moh.) og Fossevatnet (357 moh.). På begge sider av elva strekkjer nedbørsfeltet seg opp bratte lier til om lag 700-800 moh. Vegetasjon er hovudsakleg spreidd lauvskog i sjølve dalen, samt noko fjellvegetasjon i dei høgareliggende områda. Men det finst også nokre attverande område med gammal furuskog her inne.

Bortsett frå eit sidevassdrag som er omdirigert til ei anna eksisterande utbygging, så fins ingen andre magasin enn Lonevatnet og Fossevatnet, samt nokre mindre tjørner innan dette nedbørsfeltet.

Det meste av nedbørsfeltet består av snaufjell og bratte fjellsider. Omlag all nedbøren innan feltet endar til slutt i det relativt store Fossevatnet, og saman med Lonevatnet har dette vatnet ein viktig magasinfunksjon.

## Klima

Når det gjeld vegetasjonsseksjon, så plasserer Moen (1998) utbyggingsområdet i sterkt oceanisk seksjon (O3), med humid underseksjon (O3h). Utbyggingsområdet og nedbørsfeltet går gjennom fleire vegetasjonssoner, der utbyggingsområdet ligg i grensa mellom sør- og mellomboreal sone, og nedbørsfeltet i mellomboreal og alpine soner. Den nærmeste målestasjonen for nedbør ligg ved Matre kraftstasjon (7 moh.). Denne viser ein gjennomsnittleg årsnedbør på 2690 mm. Det er oktober månad som er den mest nedbørsrike (339 mm) og mai den turraste (113 mm). Næraste målestasjon for temperatur er Masfjorden. Målingane viser at februar er den kaldaste månaden, med 0,6 °C, og juli den varmaste med 13,5 °C. Stasjonen ligg berre 20 moh., og vil neppe vera særlig representativ for størstedelen av nedbørsfeltet til dette aktuelle prosjektet.



**Figur 10. Sjølv om lauvskogen på vestsida av fossen nærmest må definerast som buskaktig, så er det likevel langt frodigare her enn på sørsida. Medan det er blåbærskogen som dominerer på den sida, så finn ein innslag av svakt varmekrevjande artar og elles ei blanding av lågurtvegetasjon, høgstauder og storbregnevegetasjon på nordvestsida. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).**

### Menneskeleg påverknad

*Historisk tilbakeblikk.* Fosse er ingen gammal gard, og eit dokument som er teke vare på viser at garden vart utskild frå Matre i 1755 (Nordland 1973). Eit par karar får då løyve til å byggja å bu oppe på Fossen. Busetjinga på garden er av dei yngste i Masfjorden. Gardsbruken ligg oppe på kanten rett innanføre Brydalsfossen.

*Eigedomstilhøva.* Det er berre ein matrikkelgard som har fallrettar i Brydalselva i utbyggingsområdet, nemleg gnr. 50, Fosse. Garden er delt i to bruk og begge desse har fallrettar i utbyggingsområdet. Gardsbruken er: nr. 50/1 med eigar Jan Olav Fosse 5984 Matredal og nr. 50/2 med eigar Walter Fosse, Bjørndalsbrotet 70, 5171 Loddefjord.

*Menneskeleg påverknad på naturen.* Utanom bygningar, dyrkamark o.l. tydelege spor etter tradisjonell gardsdrift, så er det også spor etter ymse andre menneskelege aktivitetar å finna i nærområda til Brydalselva. Nede i den bratte lia på venstre sida av elva sett oppstraums ligg vårstølen til dei to brukena på Fosse. Denne stølen går under namnet, Stallen. Her vart det tidleg berrmark samanlikna med kva tilfelle var ovafor fossen, og begge brukena hadde seter her. Dei hadde også fjøs og bu på staden. Det vart slått her nede og høyet var koyrd opp på vinterføre. Vegetasjonen i området ber tydeleg beitepreg og tidlegare geitehald har vore med å halda vegetasjonen nede, noko ein kan sjå av den relativt unge lauvskogen i området. Det er truleg dette som er hovudårsaka til at skogen her manglar kontinuitetselement.

Av andre tydelege spor etter menneskelege inngrep, kan nemnast eit lite kraftverk oppe på kanten mot fossen. Etter det grunneigar, Jan Olav Fosse opplyser, så var dette i bruk i etterkrigstida fram til om lag 1960, då gardane her oppe fekk straum frå det offentlege. Også eit par kraftlinjer passerer utbyggingsområdet, i tillegg til vegen som slyngar seg oppover lia på nordvestsida av elva.

### 5.3

### Artsmangfald

#### Generelle trekk

*Vegetasjonstypar og karplanteflora.* Det er ikkje særleg mange vegetasjonstypar representert i utbyggingsområdet, og både karplante-, lav- og mosefloraen er artsfattig.

Heile utbyggingsområdet er ganske homogent kva gjeld vegetasjon, unntake dei delane som er mest påverka av ymse menneskelege inngrep. Ein tenkjer då først og fremst på den tidlegare omtala vårstølen, "Stallen", der ein finn litt gammalt slåtteland. Denne staden ligg likevel utanføre sjølve utbyggingsområdet. Det er blåbærbjørkeskogen som dominerer og da mest av blåbær-skrubbær-utforming, men med noko innslag av røsslyng stadvis. Som tidlegare nemnd er det likevel noko frodigare på nordvest sida av fossen med innslag av lågurtskog med ein del høgstauder og storregnar. Dessutan er denne sida meir beiteprega enn den andre.

Skogen er utan innslag av kontinuitets-element. Stort sett er det bjørk, selje, rogn og litt gråor som dominerer trevegetasjonen, samt noko einer i busksjiktet. Miljøet her verkar ikkje særskilt fuktig, så det kan vera at vinden i den tronde dalen kan verka noko uttørkande på miljøet. Det vart heller ikkje observert særskild fuktrevjande mose- eller lav-flora utanom det som er vanleg på slike stadar.

Som nemnd ligg det ein årstøl med litt overflatedyrka eng på nordvestsida av elva litt oppstrøms den planlagde kraftstasjonen. Denne er i attgroing og det er mest sølvbunke som veks her no.


På nordvestsida av fossen er det noko rasmark, og her er vegetasjonsbiletet litt rikare enn andre stadar i utbyggingsområdet. Ein kan vel definera deler av dette området som sørvendt berg og rasmark (B01), men vegetasjonstypen er mest ei blanding av lågurt og storbregne/høgstauteskog. Også her er det innslag av blåbærbjørkeskog av skrubbaer-utforming (A4b). Også på sørsida er det blåbærskogen som dominerer. Dette vegetasjonsbiletet finn ein att i heile området der det ikkje er for mykje kulturpåverknad. Akkurat ved inntaket, som ligg nær eit gardsbruk har det kanskje vore litt slåttemark og beite tidlegare, men området er no i attgroing. Av artar her kan nemnast; blåtopp, einer, kystmaure, røsslyng og blokkebær. Røyrgata vil gå i same trivielle vegetasjon som det ein har skildra langs elva, men det er planlagd tunnel ned frå inntaket og til det flatare området nedanføre.

Som ein kan sjå av framsidebiletet, så er det ein ganske stor foss som er planlagd utbygd, men den har vore mykje større før. No var det ikkje likt til verken fosserøyksone eller fosseeng ved denne. Grunna mangel på høveleg substrat, slik som daud ved, vart det ikkje gjort særslike undersøkingar av den vedboande fungaen i området. Heller ikkje markboande sopp verka å ha særleg potensiale for sjeldne eller raudlista artar. Til det var skogvegetasjonen for triviell. Artar fra lungeneversamfunnet vart knapt nok observert innan området. Heller ikkje av mosar vart det påvist sjeldne eller raudlista artar innan sjølve influensområdet til dette prosjektet.

Utanom ein høgt raudlista moseart som vart funne nede i Helvetesjuvet, vart det ikkje påvist nokon raudlista plante- mose- eller lavart i undersøkingsområdet ved inventeringane, og heller ikkje frå dyreriket vart nokon slik art registrert. Utanom sjølve Helvetesjuvet reknar ein heller ikkje potensialet for funn av slike artar som særleg stort. Fossekall på matsøk vart likevel observert ved fossen.



**Figur 11.** Dette biletet viser det gamle kraftverket frå 1950-talet. Som ein ser er det plassert akkurat ved starten av Brydalsfossen. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).



**Figur 12.** Biletet viser litt av det utilgjengelege Helvetesjuvet rett nedstraums det planlagde kraftverket. Ei eventuell utbygging vil neppe påverka naturverdiane her nede i nemneverdig grad. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).

Lav- og mosefloraen verkar å vera svært triviell i heile undersøkingsområdet, men naturlegvis er det ein del fuktkrevjande mosar ved og langs elva. Likevel er mosefloraen dominert av nokre få artar slik som stripefoldmose og liknande trivialitetar. Kva gjeld lungeneversamfunnet, så verkar det å vera heilt fråverande i heile utbyggingsområdet, inkludert influensområdet. Årsaka er noko usikker, men truleg er det mangel på kontinuitet og eit stabilt skogsmiljø elles. I hovudsak har området eit ganske nordborealt preg og med dei unntaka som er nemnd tidlegare, så er staden utan særleg innslag av sør- og mellomboreale artar. Som nemnd er det innslag av litt meir variert karplantevegetasjon på nordvestsida, men dette gjorde seg ikkje utslag i noko rikare lav- eller moseflora. Det vanlege kvistlavsamfunnet, men utan særleg av strylav og skjegglav var derimot tilstades i det meste av området. Følgjande moseartar vart registrert og namnsett frå nærområdet til Brydalselva;

Bekkegråmose	<i>Racomitrium aquaticum</i>
Bekkerundmose	<i>Rhizomnium punctatum</i>
Blåflak	<i>Calypogeia azurea</i>
Buttgråmose	<i>Racomitrium aciculare</i>
Oljetrappemose	<i>Nardia scalaris</i>
Småstylte	<i>Bazzania tricrenata</i>
Storhoggtann	<i>Tritomaria quinquedentata</i>
Stripefoldmose	<i>Diplophyllum albicans</i>
Sumpsaftmose	<i>Riccardia chamedryfolia</i>

Dei fleste av desse artane er typiske for fuktige miljø og alle må seiast å vera vanlege.

(Mosane er namnsett av Karl Johan Grimstad, Hareid og Finn Oldervik, Aure)

Som nemnd tidlegare så er heile utbyggingsområdet artsfattig kva gjeld lav. Artar tilhøyrande lungeneversamfunnet er heilt fråverande. Berre storvrente og bikkjenever av bladlav vart registrert under inventeringa. Vanlege artar innan kvistlavsamfunnet som bristlav, kvistlav og grå fargelav på bjørk, samt ymse skorpelav som er karakteristiske for stein og berg ved elver og bekkar, slik som skjoldsaltlav og kartlav finst.

Konklusjon for mosar og lav. Det meste av elva og elvestrengen innan sjølve utbyggingsområdet er greitt tilgjengeleg for å undersøkast. Det er difor ingen grunn til å tru at det skal finnast særleg anna enn det som er nemnd i rapporten.

Vi fann ingen signalartar som indikerer verdfulle lavsamfunn og ingen indikasjonar på at meir kravfulle artar og samfunn kunne finnast her. Årsaka er truleg så enkel som at skogsmiljøet rett og slett er for fattig, både kva gjeld berggrunn, varmekjære element og kontinuitetselement. Det er muleg at mosefloraen her kan ha vore meir artsrik den tida fossen hadde sin fulle velde, men i tilfelle så er dette eventuelle arts mangfaldet likevel gått tapt no.

Soppfunga. Ingen interessante artar frå denne artsgruppa vart registrert og identifisert. Daud ved er stort sett mangelvare i heile området, og

vedboande sopp vart knapt nok registrert der. Alle artsgrupper av sopp verka å ha därleg potensiale for raudlisteartar. Årsak: Truleg for ung skog kanskje grunna tidlegare intensiv husdyrbeiting og/eller sterkt veduttak. Elles er ikkje slike fattige skogsmiljø særleg gunstig for nokon artsgruppe.

Ved inventeringa vart potensialet for virvellause dyr (invertebrata) vurdert, både i og utanfor sjølve vass-strenge. Når det gjeld til dømes biller som er knytte til daud ved, så er potensialet vurdert som därleg for funn av sjeldne og raudlista artar. Årsaka er mangel på høvelege habitat og substrat.

Larvane til insekt som døgnfluger, steinfluger, vårfluger og fjørmygg lever oftast i grus på botnen av bekkar og elver. Potensialet for funn av raudlisteartar frå desse gruppene er også vurdert som därleg. Dette vert grunna ut frå at vassdraget er einsformig med mangel på botnvegetasjon. I slike vassdrag er det sjeldan ein finn interessante artar. Det er helst i rolege elveparti med godt utvikla botnvegetasjon slike artar finst.

Av fugl vart mest berre vidt utbreidde og trivielle artar påvist under inventeringa, slik som nokre trosteartar, kråke, ramn o.l. Fossekall på matsøk vart derimot observert ved inventeringa, og ein ser det som sannsynleg at arten hekkar ein eller annan staden ved elva, men kanskje helst nedstraums utbyggingsområdet i det såkalla Helvetesjuvet. Kommunen har ein relativt oppdatert viltdatabase, men frå kommuneadministrasjonen ved Bjarne Håheim har vi fått opplyst at dei ikkje har registrert noko i det aktuelle utbyggingsområdet for dette prosjektet. Hos fylkesmannen i Hordaland ved Olav Overvoll får vi opplyst at det er registrert to-tre hekkelokalitetar for rovfugl oppe i fjella, men ingen av desse ligg innan det vi definerer for influensområdet for prosjektet kva gjeld store rovfuglar.

Pattedyr og krypdyr. Berre hjort er ein jaktbar storviltart i Brydalsområdet, slik som dei fleste andre stadane i Masfjorden kommune. Oter er aldri observert her oppe så vidt ein kjenner til, medan mink er å sjå ein sjeldan gong. Rev, mår og røyskatt derimot er vanlege pattedyrtartar. Dei store rovdyra, slik som gaupe og jerv er neppe observert i dette området i nyare tid. Hare, saman med orrfugl og rype er småviltartar som det vert jakta litt på om haustane. Ein kjenner likevel ikkje til skogsfuglleikar innan utbyggingsområdet. Av krypdyr kjenner ein ikkje til andre enn hoggorm, og av amfibium, padde og frosk (pers meld; Bjarne Håheim).

Det kan neppe hevdast at utbyggingsområdet eignar seg særleg som leveområde for fisk, heller ikkje bekkeauré.

## Raudlisteartar

Det er ikkje påvist raudlista fugleartar eller raudlisteartar frå nokon annan artsgruppe ved Brydalselva eller i nærområdet til dette planlagde tiltaket. Heller ikkje er det grunn til å tru at området har særleg potensiale for slike. Rett nedstraums utbyggingsområdet, i Helvetesjuvet, er det derimot påvist førekomst av den raudlista mosearten, *Heterocladium wulfsbergii* kystfloke (EN), som er rekna som ein sterkt truga art.

## 5.4

### Naturtypar

#### Vegetasjonstypar


Det er hovudnaturtypane skog og kulturlandskap som dominerer i heile utbyggingsområdet, i tillegg til litt sørvendt berg og rasmark. Skogen i området er for det meste blåbærbjørkeskog av skrubbærutforming (A4b), men det er også litt lågurtskog med innslag av storregnar og

høgstaudar. På særers grunnlendte stadar er det litt røsslyngskog (A3c). Sterkt kulturpåverka vegetasjon i form av tidlegare slåtte- og beitemark finst særleg på den gamle vårstølen, men heile utbyggingsområdet er meir eller mindre beitepåverka og truleg er det tidlegare geitehald som gjer at lauvskogen her verkar å vera jamt over ung. Grunna meir eller mindre avvikling av gardsdrifta på staden, så må ein rekna med at attgroinga vil halda fram.

## 5.5

### Verdfulle naturområde

Det vart ikkje påvist spesielt verdfulle naturtypar direkte innan influensområdet til dette planlagde prosjektet. Rett nedstraums det ein kan rekna som influensområdet til dette prosjektet ligg det ei særds djup og skuggefull bekkekløft. Denne har vi vald å avgrensa på kart, samt skildra og verdisetja som ein prioritert naturtype. Restområda av inngrepsfri natur (INON) vil ikkje verta ytterlegare redusert av tiltaket.



**Figur 13.** Som ein ser av kartutsnittet så vil ei utbygging her ikkje redusera INON-områda ikring. Årsaka til dette er at vassdraget er regulert frå før, samt at det er bygd både kraftliner og veg gjennom det aktuelle utbyggingsområdet.

**Lok. nr. 1. Helvetesjuvet. (Skog; Bekkekløft og bergvegg F09). Verdi:**

**Svært viktig – A.**

Masfjorden kommune .

UTM EUREF89 32V, LN 1678 4772

Høgd over havet: Ca 80 - 175 moh

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Skog; bekkekløft og bergvegg.

**Utformingar:**

**Verdi:** **Svært viktig - A.**

**Vernestatus:** Ingen vernestatus.

**Feltsjekk:** 02.07.2008 av Geir Langelo, Karl Johan Grimstad og Finn Oldervik.

**Lokalitetsskildring:**

Her er avgrensa eit 0,6 km langt strekk langs ei bekkekløft i Brydalselva der mesteparten omfattar det såkalla Helvetesjuvet. Lokaliteten er ikkje undersøkt i den austlegaste delen, då det ikkje var muleg å koma seg heilt inn dit utan klatrereiskap. I den vestlegaste delen derimot er lokaliteten ganske godt undersøkt. Avgrensinga er gjort m.a. fordi elva dannar eit markert og uvanleg djupt og skuggefult kløftelandskap på denne strekninga, og det er utan tvil stabilt høg luftfukt der nede. I tillegg er det påvist ein høgt raudlista og svært sjeldan moseart nedst i lokaliteten.

*Generelt:* Elva fell i ein ganske høg foss i starten for sidan å falla i stryk og små fossar før ho flatar ut nedanføre kløfta.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen består av ei blanding av høgstaude-storbregne-vegetasjon og lågurtvegetasjon. Det er ikkje tresetting nede i sjølve kløfta, men mest bergveggar kledd med mose og ymse lågurter slik som gulsildre, bergfrue osv. som likar seg i slike miljø. Utanom sjølve kløfta er det mest høgstaudeskog med ymse lauvtreslag som bjørk og gråor, samt litt rogn og selje, men også innslag av litt planta gran. Det er også så vidt innslag av alm (NT) i den bratte skråninga.

**Artsfunn:** Ut frå det som vart registrert i den delen av kløfta som var nokolunde tilgjengeleg, så kan ein nemna; turt, bergfrue, rosenrot, gulsildre, stjernesildre, skognelle, storfrytle m.fl. inne i sjølve kløfta. I dei bratte skråningane utanom kløfta var det heilt nedst litt rike hasselkratt, der det m.a. vart observert skogsbjørnebær, trollbær, jordnøtt, krattmjølke, revebjølle osv.

Lavfloraen verka ikkje å vera sær rik innan lokaliteten, men vi ser ikkje bort frå at vi kan ha oversett einskilde ting. Frå artsgruppa kan nemnast nokre artar som: vanleg papirlav, bristlav, lodnevrenge og muslinglav der den sistnemnde ikkje er blant dei vanlegaste artane.

Mosefloraen var meir spanande og frå denne gruppa kan nemnast; bekkerundmose, bekketvibladmose, ranksnømose, stripefoldmose, mattehutremose og skrumpjamnemose. Det mest spanande funnet var påvisning av den raudlista arten, kystfloke (EN). Det er ikkje så mange funn av denne i Noreg og dette funnet såg ut til å danna nordgrense for arten. Etter det vi har fått opplyst seinare så skal likevel arten vera funnen så langt nord som i Vågsøy i Nordfjord (pers. meld. Egil Aune, NTNU)

**Menneskeleg påverknad:** Lokaliteten ber lite preg av menneskelege aktivitetar, men ei kraftline passerer delvis over lokaliteten i tillegg til at ein veg passerer inntil lokaliteten i nordvest. Brydalselva er også sterkt regulert frå før i dette området.


#### **Verdivurdering:**

Brydalselva dannar i den avgrensa delen ei djup og markert bekkekløft, knapt nok påverka av inngrep nokon gong om ein ser bort frå at mykje av vassføringa er teke bort på grunn av vasskraftreguleringar lenger oppe i vassdraget. Sett på som naturtype, så er naturverdiane her mest knytt til lokaliteten som ei interessant og uvanleg djup og skuggefult bekkekløft på grunn av ein spanande topografi, med skuggefelle bergveggar og litt blokkmark med eit fuktig og stabilt lokalklima.

Lokaliteten har då også fått namnet Helvetesjuvet. Det biologiske mangfaldet her er mindre knytt til førekomst av gammal skog med kontinuitetspreg enn til dei uvanleg gunstige tilhøva for sjeldne og fuktkrevjande kryptogamar. Både på grunn av den særskilde topografien, og ikkje minst på grunn av påvisning av den høgt raudlista mosen, kystfloke, ein art som er oppført som sterkt truga (EN) på raudlista, så er lokaliteten verdisett som; **Svært viktig – A.** Ein må også rekna potensialet som svært stort for førekomst av fleire raudlisteartar frå same gruppa.

#### **Forslag til skjøtsel og omsyn:**

Lokaliteten treng ikkje særskild skjøtsel, men bør få være mest muleg i fred for alle former for menneskelege inngrep.



Figur 14. Kartet viser ei omtrentleg avgrensing av Helvetejuvet. Kan hende er avgrensinga vel omfattande i vest, men avgrensinga er uansett berre omtrentleg.



Figur 15. Biletet viser litt av det frodige miljøet nede i Helvetejuvet. Her er nok endå mangt som kunne ha vore utforska betre. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).

Sidan den ovan skildra lokaliteten ikkje er rekna å liggja innanføre influensområdet til dette planlagde tiltaket, vert heller ikkje verdien av kløftelokaliteten medrekna. Innan utbyggingsområdet er det i første rekke sjølve vass-strengen som har kvalitetar ved seg som gjer den verdfull for arts mangfaldet i naturen. Særleg gjeld dette ymse invertebratar (virvellause dyr) som døgnfluger, steinfluger, vårflyer og fjørmygg. Sjølv om ein ikkje finn sjeldne eller raudlista artar i vassdraget av desse artane, så er larvane deira viktige m.a. som føde for nasjonalfuglen vår; fossekallen som også var observert på matsøk ved Brydalselva og som ganske sikkert hekkar der. Også strandsnipe må nemnast som ein fugl som finn det meste av føda i vatn. Så langt oppe som her har nok likevel larvane liten verdi som fiskeføde, då det knapt kan leva fisk på slike stadar. Ei samla vurdering gjer likevel at vi må tilrå minstevassføring i elva, jfr. også kapittel 8.

Samla verdivurdering av utbyggingsområdet inkludert influensområdet til dette tiltaket er illustrert av denne glideskalaen og vert vurdert som **liten/middels**, og etter det vi kunne sjå så var det knappast anna enn den verdien elva har som fossekallhabitat som her kan verdisetjast.

Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- -----		

## 6

## OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET

Her følgjer ein delvis metoden for konsekvensvurderinger, men utan bruk av 0-alternativ og omgrepa er noko endra. I tillegg vert undersøkingsområdet prøvd samanlikna med resten av nedbørsfeltet og/eller andre vassdrag i distriktet.

### 6.1

#### Omfang og verknad

Tiltaket medfører at elva mellom inntaket og den planlagde kraftstasjonen får ytterlegare<sup>2</sup> redusert vassføring. Tiltaksplanane går ut på å bora ein tunnel frå inntaket og ned til det flatare området nedanføre fossen. Derifrå og ned til kraftverket er det planen å grava ned røyret i lausmassar og det vil slik ikkje verta til hinder for ferdsel verken for menneske eller dyr. Røyrtasåen vil ikkje gå gjennom særskild verdfull natur nokon stad. Som nemnd vil ikkje det planlagde tiltaket medføra ytterlegare tap av INON. I områda for inntak, kraftstasjon, røyrgate og tilførselsvegar er det ikkje registrert anna enn triviell natur. Det same gjeld tilførselskabel til eksisterande kraftnett. Særleg med tanke på den biologiske produksjonen i elva, vil vi tilrå minstevassføring. (Sjå seinare).

Den største konflikten av dette tiltaket ligg nok i dei negative konsekvensane det får for produksjon av botnfauna som ein må venta seg når vassføringa minkar vesentleg i elva. Redusert vassføring i elvar vil kunne påverka ei rekke artsgrupper. Nedst i næringskjeda er botndyra og larvane deira, og effekten på desse av redusert vassføring er kort oppsummert av Raddum m.fl. (2006):

<sup>2</sup> Ei kraftutbygging kring 1960 medførte ein kraftig reduksjon i vassføringa i Brydalselva.

1. Redusert vassføring gjev redusert areal for produksjon av botndyr. Reduksjonen i botnareal er oftast proporsjonal med vassføringa, noko avhengig av profilen i botnprofilen på elva.
2. Redusert vassføring gjev vanlegvis auka temperatur, auka sedimentering og uendra eller auka tettleik av botndyr i dei vassdekte botnareala. Samansetjinga av artar kan verta endra.
3. Auka vassføring aukar vassdekt areal som botndyr kan nyta. Auka vassføring gjev som regel redusert temperatur. Botnfaunaen kan også verta endra på grunn av endring i botnsubstrat, auka vekst og auka driv som vaskar ut larvar og daudt organisk materiale.
4. Sterkt fluktuerande vasstand gjev store skadar ved at dei negative effektane av tørrelleking og høg vassføring stadig vert gjenteke.
5. Tørrelleking over lengre periodar medfører utradering av ein stor del av botndyra.

Desse endringane kan så i sin tur gje endra livsvilkår for vassdragstilknitte artar av fugl og pattedyr gjennom m.a. endringar i næringstilgang og reproduksjon/hekkeseksess. I vassdragssaker har det vore fokusert mest på fossekall, sidan det er den sporvefuglen som har sterkest tilknyting til rennande vatn, men artar som strandsnipe, vintererle og sivsporv<sup>3</sup> kan også verta negativt påverka av vassdragsendringar. Eventuelle fiskepopulasjonar vert sjølvsagt også negativt påverka av desse endringane.

På grunn av dette er det opplagt at tilhøva for fossekall vert negativt påverka. Ved ei eventuell utbygging vil både mattilgang og hekketilhøve for fuglen verta noko därlegare. Likevel vil vi påpeika at utbyggingsområdet ikkje eignar seg særskild godt for fossekallreir og helst hekkar han nede i Helvetesjuvet. Som område for matsøk er likevel utbyggingsområdet svært aktuelt og ei tørrelleking i periodar vil helst uthydda botnfaunaen. Samla omfang for verdfull natur av denne utbygginga kan likevel ikkje reknast som meir enn lite/middels negativt.

#### **Omfang:** *Lite/middels negativt.*

<b>Omfang av tiltaket</b>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
-----   -----   -----   -----   -----				

Tiltaket vil gje små negative verdiendringar av påviste verdfulle miljø. Biologisk er det miljøet i og kanskje langs elva som vil få reduserte naturverdiar og det er mest for fossekall og eventuelt strandsnipe at dei negative verknadane vert målbare.

#### **Konsekvensverknad:** *Lite negativ*

<b>Verknad av tiltaket</b>						
<i>Sv.st.neg.</i>	<i>St.neg.</i>	<i>Midd.neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Midd.pos.</i>	<i>St.pos.</i>	<i>Sv.St.pos.</i>
-----   -----   -----   -----   -----   -----   -----						

<sup>3</sup> Dei to siste artane er truleg mindre aktuelle her.

## 6.2

### Samanlikning med andre nedbørsfelt/vassdrag

I følgje handboka så er verknader og konfliktgrad avhengig av om det finst liknande kvalitetar utanfor utbyggingsområdet. Det er kjent at det ligg føre planar om utbygging av fleire vassdrag både i Masfjorden og i nabokommunane. Samtidig veit ein at mange av vassdraga i dette området alt er utbygd. Det er også ein del verna vassdrag i området som ein kan hevda tek vare på eventuelle verdiar som vil gå tapt. Av slike kan nemnast; Yndesdalsvassdraget i vest, Eikefetelvi, Øvstedalsvassdraget og Høgedalsvassdraget i sør, samt Vossavassdraget i aust. I influensområdet til den planlagde utbygginga av Brydalselva er det ikkje påvist særskild store verdiar og kvalitetar som spesifikt kan knytast til elva, anna enn det ein kan venta seg, slik som den verdien som elvestrekninga har for fossekall og anna vasstilknytt fugl. Det er da likevel grunn til å tru at desse verdiane kan verta teke vare på av andre ikkje utbygde vassdrag i Masfjorden og andre stadar i Nordhordland.

## 7

### SAMANSTILLING

Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar	i) Vurdering av verdi
Brydalselva er eit middels stort, og så å seia heile vegen, eit svært raskt strøymande vassdrag i utbyggingsområdet. I det aktuelle utbyggingsområdet for dette tiltaket har elva tilførsel frå eit nedbørsfelt på om lag 7,9 km <sup>2</sup> med ei årleg middelavrenning på 833 l/s. Ein tvarar på at det hekkar fossekall innan utbyggingsområdet, men truleg rett nedstraums kraftstasjonen. Røygata vil ikkje gå gjennom særskild verdfull natur. Arealet av inngrepssfri natur vil ikkje verta ytterlegare redusert. Vassføringa i elva mellom inntak og kraftstasjon vil verta sterkt redusert.	Liten Middels Stor  ----- -----  ▲
Datagrunnlag: Hovudsakleg eigne undersøkingar 26.10.2006, samt naturbasen. Jan Olav Fosse har vore representant for grunneigarane og har kome med opplysningar av ymse karakter, medan Olav Helvig har vore ansvarleg for dei tekniske opplysningane. Også bygdebok for området har vore nytta for å framskaffa opplysningar. Elles har ein motteke opplysningar både frå administrasjonen i Masfjorden kommune og frå Fylkesmannen i Hordaland.	Godt
ii) Skildring og vurdering av moglege verknader og konfliktpotensiale	iii) Samla vurdering
Prosjektet er planlagd med inntak i Brydalselva om lag på kote 345 moh. Derifrå vert vatnet ført i tunnel ned til det planlagde kraftverket på kote 180 moh. Ein kort tilkomstveg til kraftstasjonen, samt ein tilknytingskabel til eksisterande nett er naudsynt.  <b>Omfang:</b> Stort neg. Middels neg. Lite/ikke noko Middels pos. Stort pos.  ----- ----- ----- -----  ▲	Lite neg. (-)

**8****MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT**

Avbøtande tiltak vert normalt gjennomført for å unngå eller redusera negative konsekvensar, men tiltak kan også setjast i verk for å forsterka mulege positive konsekvensar. Her skildrar ein mulege tiltak som har som føremål å minimera prosjektet sine negative - eller fremja dei positive konsekvensane for dei einskilde tema innan influensområdet.

Då det ofte er vasslevande insekt og dermed fossekall (og fisk) som vert (kan vera) skadelidande av slike utbyggingar, så vil ein vanlegvis tilrå minstevassføring ut frå slike grunngjevingar. Slik er det også i dette tilfelle. Vi vil difor koma med framlegg om at alminneleg lågvassføring vert lagt til grunn for vassregimet og kjøremønsteret. Med tanke på botnfaunaen er det viktig at elva heller ikkje går tørr om vinteren. Eit slik tiltak vil i nokon grad redusera dei negative verknadane av ei utbygging biologisk sett. For å betra hekkevilkåra for fossekall etter ei eventuell utbygging bør ein prøva å montera predatorsikre hekkekassar for fuglen ved utlaupet frå kraftstasjonen. Ein bør montera to kassar på staden. Forstyrra miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framandt plantemateriale.

**9****PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG  
OVERVAKING**

Ein kan ikkje sjå at det skulle vera naudsynt med vidare overvakning av naturen her om tiltaket vert gjennomført.

**10****REFERANSAR****Litteratur**

Bergsvik, K. T. 1950. Masfjordboka B II.

Blom, H. 2006. Viktige moseartar knytt til, eller vanlege i vassdrag, - artsutval Vestlandet.  
(Liste over mosar og økologi/næringskrav/substrat laga i samband med mosekurs halde av Hans Blom i Bergen i juli 2006).

Brodkorb, E, & Selboe, O-K. 2004, "Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW). Revidert utgave" : Vegleiar nr. 3/2007. Utgitt av NVE.

Cramp, S. (red.). 1988. The Birds of the Western Palearctic. Vol. V. Oxford Univ. Press, Oxford.

Det kongelige olje- og energidepartement 2003. Småkraftverk - saksbehandlingen. Brev av 20.02.2003. 1 s.

Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. (revidert i 2000).

Direktoratet for naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. Ny utgave av DN-håndbok 1999-13.

Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvannslokaliteter. DN-håndbok 15-2000.

Direktoratet for naturforvaltning & Statens kartverk/Geodatasenteret AS 2003. Inngrepsfrie naturområde. Versjon INON 01.03.

Direktoratet for naturforvaltning 2005. Naturbasen. Internettversjon kontrollert 20.05.2007.

Efteland, S. 1994. Fossekall *Cinclus cinclus*. S. 342 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.): *Norsk fugleatlas*. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Førland, E. & Det norske meteorologiske institutt 1993. Årsnedbør. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.1. Statens kartverk.

Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red) 2006. Norsk Rødliste 2006 – Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.

Miljøverndepartementet 1996. Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996. T-1169. 36s.

Miljøverndepartementet 1990. Konsekvensutredninger. Veileder i plan- og bygningslovens bestemmelser. T-746. Miljøverndepartementet. 66s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Nordland, L. 1973. Masfjordboki B I.

Raddum, G., Arnekleiv, J. V., Halvorsen, G. A., Saltveit, S. J. og Fjellheim, A. *Bunndyr. Økologiske forhold i vassdrag – konsekvenser av vannføringsendringer*. Norges Vassdrags- og energidirektorat, Oslo.

Statens vegvesen 2006. Håndbok 140. Konsekvensanalyser. 292 s.

### Munnlege kjelder

Olav Overvoll, Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland

Bjarne Håheim, skog/jordbruksjef i Masfjorden kommune

Jan Olav Fosse, grunneigar, 5984 Matredal